

Dialogseminar – Korleis få til effektiv implementering av hydrogen og andre null-/lågutsleppsløysningar i hurtigbåttrafikk?

Noreg har forplikta seg til å redusere klimagassutslepp i ikkje-kvotepiktig sektor med 40 prosent innan 2030 samanlikna med 2005-nivå. Dette inneber at transportsektoren må redusere klimagassutslepp med omlag 50 prosent frå dagens nivå. For å lukkast med dette må teknologien utviklast i raskt tempo, og barrierar rundt kunnskap om ny teknologi, tryggleik, regelverk, infrastruktur og kostnader for å ta teknologien i bruk overvinnast. Prosjektet EKOHYD har sett på moglegheiter og klimaverknader av ein overgang til null- og lågutsleppsløysningar i hurtigbåttrafikk og kva kunnskap og rutinar som forvaltningsnivået må ha for å sikre optimal innfasing av null-/lågutsleppsløysningar for hurtigbåtar. Seminaret presenterar resultat frå prosjektet og diskuterer korleis ein skal jobbe for å drive omstillinga innanfor hurtigbåtsektoren vidare.

Dato: 26. januar 2018

Tid: 11:00 – 14:30

Stad: Fosshaugane Campus, Sogndal (info om møterom kommer)

Påmelding: Send epost til Hans Jakob Walnum innen 19. januar, hjw@vestforsk.no, tlf 958 99 032

11:00 *Lett lunsjservering*

11:30 **Velkommen**

Elisabet Kjerstad Bø, Sogn og Fjordane fylkeskommune

11:45 **Kva må til for lukkast med realisering av null- og lågutsleppsløysningar i hurtigbåttrafikk?**

Jan Henrik Nygård - GKP7H2/Flora kommune

12:05 **Barrierar og moglegheiter ved bruk av offentlege innkjøp for omstilling til null- og lågutsleppsløysningar i ferje- og hurtigbåttrafikk**

Oppsummering av resultat frå intervju med fylkeskommunar, næringsaktørar, virkemiddelapparat og ekspertise på offentlig innkjøpsreglement.

Bjørn Vidar Vangelsten – Seniorforskar, Nordlandsforskning

12:30 **Sjekkliste for innfasing av lågutsleppsløysningar i hurtigbåttrafikk**

Torunn Hønsi – Seniorforskar, Vestlandsforskning

12:55 *Pause*

13:10 **Miljøverknader av overgang til lav- og nullutsleppsløysningar for hurtigbåttrafikk**

Presentasjon av modell for strekningsanalysar

Hans Jakob Walnum – Forskar, Vestlandsforskning

13:35 **Diskusjon**

EKOHYD skal ta funna fra dette forprosjektet vidare i eit hovudprosjekt. Kva er nøklane for å komme vidare? Kva slags ny kunnskap treng vi?

14:20 **Oppsummering av dagen**

14:30 *Slutt*